



Nesjarane vann denne gongen og

**Heile 7 lag var med på den vellukka quizkvelden på Systrene Nilsen onsdag. Det sterke laget frå Neset i Uskedalen var på plass og vann med 57 poeng. Hakk i hel kom laget 7 NT frå Rosendal med den kunnskapsrike Geir Mogren på laget.**



På andrelassen kom Ørjan Bakke, Hege Toresen og Geir Mogren  
På tredjeplass finn vi eit anna sterkt lag, King Kenny, frå Uskedalen.



På tredjeplassen kom Bjørn Bringedal, Frank Stensletten og Odd Steinar Arnesen  
Med berre tre deltakarar på laget, Odd Steinar Arnesen, Bjørn Bringedal og Frank Steinsletten, syner dei store kunnskapar innan ulike genre.  
Spørjetevlinga var delt inn i 5 tema:  
Blanda drops, superheltar/film, musikk, sport og asiatiske flagg.

Til tema musikk var det allsang med dei to fyrste versa av Mellom bakkar og berg.

Spørsmålet var kva tittel songen har, kven som er forfattar og kor mange vers songen har.  
Svara er: Nordmannen av Ivar Aasen, 5 vers.

Mange visste at Dolly Parton er fødd i 1946, at Roger Moore har spelt rollen James Bond. og at songen Ring meg av Gabriel ligg på topp på VG lista.

Det var fleire spørsmål frå OL på Lillehammer i 1994, mellom anna frå den dramatiske situasjonen mellom dei to amerikanske kunstløparane.

Visste du t.d. at når Fantomet går på bar og tingar drikke, så er det mjølk han drikk?

Kvelden vart leia på ein ryddig og god måte av verten sjøl, Morten Nilsen

Her er resultatane:

Nesjarane 57

7NT/7Grand 54

King Kenny 49

Pass 43

Blå Swix 41

Lovinda 37

Bjørn 25

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal